



Vik oppvekstsenter

---

## Referat

---

Saksbehandlar: Hilde Kristin Bjelland Abelseth

Vår referanse: 21/8997-4

Dato: 03.10.2024

---

### Referat frå SU/SMU 1.10.2024

**Desse møtte:**

**Frå elevrådet:** Malene Trovåg og Yngvild Tveit

**Frå FAU på skulen:** Roger Stene Bauge

**Frå andre tilsette på skulen:** Berit Skartland

**Frå tilsette i barnehagen:** Anne Wenche Vik og Charlotte F. Myklebust

**Frå foreldrerådet i barnehagen:** Jeanette M. Persvangen Ødegård og Vanessa Bergmann

**Frå undervisningspersonalet:** Anne Brith J. Nesheim

**Frå kommunen:** Tormod Sandsgård og Hilde B. Abelseth

**Meldt forfall:** ( Beate Bjørnevik, foreldrerepr. i FAU på skulen)

#### **Sak1/24-25: Godkjenning av saklista**

Godkjent

#### **Sak 2/24-25: Kort info om SU og SMU Konstituering : val av leiar og nestleiar.**

Ved kvar skule og kvar barnehage skal det vere eit samarbeidsutval(SU) med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik oppvekstsenter er det felles SU for skulen og barnehagen. Hilde orineterte om arbeidet i SU. SU har rett til å uttale seg om alle saker som gjeld skulen og barnehagen. Det er til vanleg SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

Roger Stene Bauge blei valt til leiar.

Jeanette M. Persvangen Ødegård blei valt til nestleiar.

Hilde Bjelland Abelseth blei valt til skrivar.

#### **Sak 3/24-25 Godkjenning av ny årsplan for barnehagen**

Årsplanen for barnehagen blei sendt ut til alle før møtet. Charlotte og Hilde gjekk gjennom deler av årsplanen for barnehagen. Årsplanen skal vere eit levande dokument og den skal vera ein arbeidsreiskap for barneahagepersonalet ,samt gi informasjon til føresette og andre.

Charlotte orienterte om satsingsområdet «Kommunikasjon , språk og tekst» til begge avdelingane i barnehagen.

Årsplanen blei godkjent. Den blir lagt ut på heimesida til barnehagen.

<https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/barnehage/vindafjordbarna/vikebygd-barnehage/planar-og-dokument/arsplan/>

#### Sak 4/24-25 Elevrepresentantane fortel

Malene og Yngvild orienterte og viste bilete frå kjekke skuleturar. Ved Vik skule har ein laga ein eigen ekskursjonsplan. Målet er då å gjere undervisninga konkret, gjere elevane kjende i nærmiljøet, skape variasjon i undervisninga og skape naturlige samarbeidsoppgåver for foreldre , elevar og tilsette på skulen. Me har ein fjelltur om hausten og ein om våren.

Dei fortalte også om at oppvekstsenteret arbeider med 3 ulike tema i løpet av 3 år: Vikebygd før og nå, Ålfjorden og Vindafjord kommune. I år har alle allereie starta med å arbeid med Vikebygd før og nå. Dette blir tema både på julefesten og kulturettermiddag for heile bygda

#### Sak 5/24-25 Diverse orienteringssaker

- Hovudsatsingsområdet vårt er framleis «Eit trygt og godt skolemiljø for alle». Fadderordninga er ein del av dette. Me ser at faddertime fungerer godt og vil halde fram med dette. Fadrane er også engasjert i enkelte friminutt. Elevane kosar seg i lag og gler seg til timane. Me ser at dei små blir tryggare på dei store og dei store likar å vise omsorg og hjelpe dei små. Dei vaksne har det òg triveleg i desse timane. Me vil og halde fram med å bruke opplæringsprogrammet Livet&Sånn <https://www.livetogsann.no/1-7-trinn/>
- Elles vil me ha «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» som satsingsområde. Dette skal vere fokusområde for alle skular og barnehagar i kommunen. Målet er at alle barn skal oppleva eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i skulen. Visjonen til Vik oppvekstsener er :«Me ynskjer at alle skal vera trygge, utvikla seg positivt og trivast! Dette arbeider me for kvar dag, kvar time og kvart minutt. Hilde minna om kor viktig det er å snakke med borna både på skulen og heime. Alle barn har rett til å bli sett, tolta og høyrta, og dei har rett til å høyre til. Me har barne- og elevsamtaalar og utviklingssamtalar med føresette. Inspeksjon og gode vaktrutinar blir vektlagt. Borna blir møtt med forutsigbarheit, dagsplanar og faglege og sosiale mål. Me legg vekt på ein autoritativ leiarstil med tydlege vaksne som arbeidar med hjarta utanpå drakta i møte med borna. Elevane si stemme blir hørt, dei har både klasseråd og elevråd kor dei kan ta opp eigne saker.
- SFO: Det er i år 15 barn som har plass på SFO. Morgontilboden kl. 06.45 –08.00 er i barnehagen og fungerer godt for både føresette og barn. Ein legg vekt på å leggje til rette for mykje og variert frileik i SFO-tida. Ein har og fokus på å ha ein god og roleg måltidssituasjon med gode samtalar og små språkleikar. Ein serverer alltid fleire sorter frukt og grønt i slutten av måltidet
- Budsjett og personalsituasjonen: Me har eit stabilt og dyktig personale. I år har me ei langtidssjukemelding og me har to ufaglærte lærarar. Det er vanskeleg å få tak i faglært personale. Likevel merkar me at me er heldige som har klart å løyse situasjonen på best mogleg måte for elevane våre. Me merkar også at det nå er vanskelegare å få tak i ringevikarar både for skulen og barnehagen. Budsjettsituasjonen ved eininga er OK og me reknar med å halde budsjettramma. Det var ei sersgod hjelp å få ekstra midlar på ca. kr. 1700,-pr. elev frå kommunen til innkjøp av skulebøker/ læremiddel. Skulebøker er blitt

dyre og me har ikkje nok midlar til dette på det vanlege driftsbudsjettet. Me har tidlegare fått føre over pengar til drift dersom me har overskot på lønn, men dette er nå stoppa. Det kan vere mogleg å få godkjent etter søknad dersom heile oppvekst går med overskot.

- **FAU:** FAU V/ Roger orienterte om at dei ynskjer å lage til akedag når det kjem snø, samt at dei tidlegare har vore svært vellykka å lage til kvelds- og leike/spele-kveldar for elevane på skulen. Dette er flotte tiltak som kan spleise elevave saman på ei god måte!
- •**Dugnadsprosjekt i barnehagen :**Janette som er foreldrerepresentant i barnehagen fortalte om dugnadsprosjektet med å bygge om hønsehuset i barnehagen til uthus for leik, matpause osb. Hønsehaldet blei avslutta for fleire år sidan då det kom rotter. Foreldra har nå laga teikningar, organisert seg i grupper og starta arbeidet. Nå har dei kjøpt inn materiale som dei skal bruke innvendig i hønsehuset. Kjempeflott innsats!
- **Sak 6/24-25 Skulereglane for Vindafjordskulen: Ordensreglement for Vindafjordskulen har skifta namn til «Forskrift om skuleregler for Vindafjordskulen».** Skulereglane for skulane i Vindafjord blei i 2021 revidert og var gjort gjeldande frå 30.06.21. Pkt. 9 i skulereglane inneheld lokale konkretiseringar for kvar enkelt skule. SU vedtok eit nytt punkt i skulereglane 04.10.22. Skulereglane blei nå godkjent utan endringar.
- **Sak 7/24-25 Ymse**  
Ingen saker å melde

Hilde Bjelland Abelseth

Skrivar